



Styre
Universitetsstyret

Arkivreferanse
2023/13576
Styresak
6/26

Dokumentdato
15.01.2026
Møtedato
05.02.2026

DRØFTINGSSAK:

Årsrapport for Universitetet i Bergen. Utkast til styrets beretning

Henvisning til bakgrunnsdokumenter

- [Styresak 04/25 Tildelingsbrev 2025 til Universitetet-i-Bergen](#)
- [Styresak 68/25 Etatsstyring 2025 Tilbakemelding til UiB](#)

Saken gjelder

I henhold til tildelingsbrevet fra Kunnskapsdepartementet (KD) skal UiB levere årsrapport for 2025 til departementet innen 15. mars 2026.

Styrets beretning er det innledende kapitlet i årsrapporten og skal signeres av hele styret. I tråd med departementets føringer skal beretningen svare ut følgende spørsmål:

- Er måloppnåelse og resultater for 2025 tilfredsstillende?
- Er det noen vesentlige forhold, interne eller eksterne, som har påvirket resultatene, herunder utfordringer institusjonen har innenfor utdanning og forskning?
- Hva er de viktigste prioriteringene for 2026?

Departementet anbefaler å begrense omtalen til to sider.

Formålet med denne saken er å ha en innledende drøfting i styret om innholdet i styrets beretning. Universitetsdirektøren legger på dette grunnlag fram et første utkast til beretning, slik at styret får gitt sine innspill før årsrapporten skal vedtas i universitetsstyrets møte 12. mars 2026.

Forslag til vedtak

Universitetsstyret ber universitetsledelsen utarbeide endelig forslag til styrets beretning i tråd med innspillene i møtet

Tore Tungodden
universitetsdirektør

15.01.2026Steinar Vestad

Saksframstilling

Styre
Universitetsstyret

Styresak
6/26

Møtedato
05.02.2026

Årsrapport for Universitetet i Bergen. Utkast til styrets beretning

Årsmeldinga til styret

Arbeidet til styret

Styret gjennomførte åtte ordinære møter og har handsama 114 saker i 2025.

Våren 2025 gjennomførte UiB eit rektorval for perioden 2025 - 2029 der Margareth Hagen blei attvalt som rektor og Sigrunn Eliassen blei vald som prorektor. I 2025 blei det også vald nytt universitetsstyre. Det nye styret starta sitt arbeid 1. august 2025 og i oktober blei det halde eit styreseminar for at det nye styret skulle bli kjent med UiB.

UiB er prega av ei verd med geopolitisk uro. I ei krevjande tid har styret lagt vekt på tryggleik og stabilitet. Organisasjonen er i ein kontinuerleg prosess for forbedring basert på risikobiletet i samfunnet, funn frå verdivurderingar, sikkerheitsanalysar og einingane sitt sikkerheitsarbeid.

Ei viktig sak i 2025 har vore forvaltning og utvikling av universitetet sine areal. I 2025 har styret vedtatt ein ny modell for husleige og ein revisjon av universitetets Masterplan for areal. Eit særleg høgt prioritert prosjekt er rehabilitering av [UiB Realfaghøyden](#). Det er eit mål for organisasjonen å redusere areal, og fleire av fagmiljøa har funne løysningar for å avgi areal.

Viktige aktivitetar og resultat i 2025

Styret meiner at innsatsen i 2025 samsvarar med dei høge faglege ambisjonane i strategien om å vidareutvikle forskings- og utdanningsmiljø på høgt internasjonalt nivå over heile breidda av fagmiljø.

Innanfor Det europeiske forskingsrådet (ERC) fekk UiB finansiering til tre prosjekt. To av tildelingane gjeld særleg omfattande prosjekt innanfor ordninga «advanced grants». UiB fekk finansiering til 13 forskarprosjekt frå FRIPRO-programmet til Forskingsrådet. Forskingsrådet sin innovasjonspris blei i 2025 gitt til UiB professor Bodil Holst. Det gjerast en stor innsats i fagmiljøa med å søke på FRIPRO og ERC, samtidig er det ei erkjenning at det har vært ei nedgang i løyvingar og i suksessraten i ERC i 2025. Det arbeidast dedikert i miljøa for å styrke søknadsarbeidet i breidda av universitetet.

SFF-ordninga er eit viktig reiskap for å bygge sterke og langsiktige forskingsmiljø. Arbeidet med å mobilisere til søknad i SFFVI, resulterte i 34 sentersøknader.

Som del av ei nasjonal satsing på kunstig intelligens opna UiB [Nasjonalt senter for kunstig intelligens og læring \(AI LEARN\)](#). Senteret skal forske på samspelet mellom menneske og kunstig intelligens. Målet er å utvikle ny kunnskap om hybrid intelligens og å skape løysningar som sikrar ein berekraftig, inkluderande og ansvarleg integrering av KI i samfunnet.

Eit anna nasjonalt senter som opna i 2025, [Senter for norsk fagspråk](#), vil samle mange av dei norske språkvitskaplege miljøa i ei storstilt nasjonal satsing dei neste åtte åra. Fagspråksenteret er finansiert av Forskningsrådet som eitt av to nasjonale språksenter.

[Innovation Centre for Neuroresilience \(ICON\)](#) fekk i 2025 status som Senter for forskingsdrevet innovasjon (SFI). Senteret skal utvikle nye løysingar for tidleg oppdaging, førebygging og behandling av nevrodegenerative sjukdommar som Parkinsons sjukdom.

I 2025 blei det også vedteke at Simula UiB skal huse eit av fire nye nasjonale forskingssenter i kvanteteknologi, finansiert av Forskningsrådet. I 2025 blei UiB også del i den nasjonale Kvantekonsortiet.

UiB har sterke fagmiljø knytt til det polare og arktis, og har hatt ein sentral rolle i utforminga av forskingsprogrammet Polhavet 2050

Dei ulike tildelingane stadfestar UiBs posisjon som eit internasjonalt forskingsuniversitet, og universitetet har kontinuerleg fokus på strategisk utviklingsarbeid for å auke tilslag i konkurransearenaene. Auka merksemd har gitt fleire søknader til eksellensprogramma i Forskningsrådet og EU.

UiB er ein attraktiv studiestad, noko som også blei stadfeste ved studentopptaket hausten 2025. Over 11 000 søkjarar hadde UiB som sitt førsteval. Hausten 2025 er det registrert til saman 19.165 studentar ved UiB, ei auke på 140 studentar frå 2024. Ved fleire av fakulteta arbeidast det med studieporteføljen og med å utvikle eksisterande studieprogram, mellom anna gjennom pilotprosjekt for innlemming av teknologi og digital kunnskap. I 2025 vedtok styret oppstart av eit nytt sivilingeniørprogram i kvanteteknologi, som etablerast innanfor eiga ramme.

Gjennomføringa innanfor studieprogramma er betra samanlikna med tidlegare år, og [Vestlandslegen](#) er no godt etablert med finansiering av 40 studieplassar i Stavanger, 20 i Førde og 20 i Haugesund. UiB har dermed motteke 80 av dei venta 110 nye studieplassane i den nasjonale opptrappingsplanen for medisinnutdanningar.

I revidert nasjonalbudsjett for 2025 løyvde Stortinget 20 millionar kroner i startløyving til nytt bygg for Griegakademiet. Samstundes vedtok Stortinget ei kostnadsramme for byggeprosjektet på inntil 853 millionar kroner og for brukarutstyrsprosjektet på inntil 205 millionar kroner. I tråd med dei overordna styringsdokumenta skal bygget ferdigstillast og takast i bruk til studiestart 2029. Styret er nøgd med at arbeidet no kjem i gang og ser fram til å følgje opp byggeprosessen.

I ei geopolitisk krevjande tid blir arbeidet med internasjonale partnerskap og alliansar særleg viktig. I 2025 har UiB intensivert sitt arbeid med dei europeiske universitetsalliansane COIMBRA og CHARM EU, og leia arbeidet på norsk side med den nye norsk-britiske alliansen (North Sea University Partnership NSUP). I tett samarbeid med NTNU har UiB delteke i KIC-utlysinga på vann for å ta ansvaret for ei nordisk node, i kraft av våre komplementære styrker innanfor hav. Dessverre nådde ikkje konsortiet heilt opp, men koalisjonen vil fortsette sitt etablerte samarbeid.

Universitetet har gjennomført Felles arbeidsmiljøundersøking, som følgjast opp gjennom ulike tiltak.

Universitetsmuseet fylte 200 år i 2025 og blei feira gjennom heile året med ei jubileumsutstilling, opne publikumsdagar og ulike seminar og foredrag. Arrangementa har hatt godt besøk og bidratt til at store deler av museets verksemd har blitt presentert for eit bredt publikum.

Styring og kontroll

Gjennom tertialvise rapportar får styret oppdatering om gjennomføring av planar og budsjett. Etter styret si oppfatning har UiB tilfredsstillande styring og kontroll, og forvaltar ressursane forsvarleg og effektivt.

Dei samla inntektene for UiB var i 2025 på 6,1 milliardar kroner. Av dette utgjorde inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) 1,3 milliardar kroner.

Rekneskapen for 2025 blei gjort opp med eit positivt driftsresultat på xx millionar kroner.

Talet på tilsette var 4 015 årsverk, av desse 2 385 vitenskaplege. Sjukefråværet var på 4,7 prosent, som er same nivå som i 2024.

Tabell 1 Nøkkeltal UiB 2021-2025

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring
Studentar haust (eigenfinansiert)	19 641	18 948	18 926	19 023	19 165	141
AVlagde studiepoeng (årseiningar)	14 322	13 775	13 927	13 757	13 967	210
Publiseringspoeng*	3 763	3 323	3 299	3 191		
Doktorgradar	245	220	215	229	214	-15
Inntekter (i mill. kroner)	5 413	5 657	6 047	6 042	6 124	82
- av dette bidrag/oppdrag (BOA)	1 059	1 302	1 349	1 344	1 275	-69
Årsverk	4 215	4 222	4 225	4 147	4 015	-132
Teknisk administrative	1 653	1 650	1 722	1 678	1 630	-47
Vitenskaplege	2 562	2 572	2 503	2 469	2 385	-85
- Av dette rekruttering	921	956	931	923	883	-40
- Av dette forskere	244	240	255	262	243	-19
- Av dette andre vitenskaplege	1 397	1 375	1 316	1 284	1 259	-26

*Data for publiseringspoeng er ikkje klar før 1. april 2026.

Utfordringar og prioriteringar

Universitetet sin strategi [»Kunnskap som formar samfunnet»](#) set rammene for planane for perioden 2023–2030. I løpet av våren 2026 skal det gjerest ei mindre oppdatering av planane. I 2026 skal det også utarbeidast ein utviklingsavtale for perioden 2027 -2030. Dette arbeidet vil knytast tett til oppdateringa av strategien.

Styret er uroa for at systematiske rammekutt over mange år svekkjer dei internasjonale forskingsuniversitet sine konkurransekraft. For UiB viser tala at tilsette er redusert med tre prosent frå 2024 til 2025, og med fem prosent sidan 2023. Talet på tilsette er med dette det lågaste sidan 2018. Om utviklinga med rammekutt held fram, er UiB uroa for at dette både vil svekkje studiekvaliteten og universitetet sine

moglegheiter til å oppretthalde forskingsaktiviteten. Det kan bety at langsiktige solide forskingsmiljø blir bygde ned.

Trass i ei økonomisk krevjande situasjon har UiB samla sett ein balansert økonomisk situasjon med tilfredsstillande nivå på overføringar på grunnløyvinga.

UiB er særleg oppteken av å oppretthalde talet på ph.d.-stillingar, styrke kvaliteten i det fyrste studieåret. sikre fagleg breidde og ei sterk rekruttering dei komande åra. Systematisk arbeid med å betre gjennomføringa i studieprogramma har framleis høg prioritet.

UiB har viktige byggeprosjekt for å ivareta forskinga og fagmiljøa. For å sikre Noreg sin kapasitet og kvalitet innan naturvitskap og teknologi vil det vere avgjerande å få realisert UiB Realfaghøyden. Prosjektet har no levert og fått godkjent ei kvalitetssikring (KS1). Prosjektet er dermed klart til oppstart i 2027 om nødvendig finansiering kjem på plass.

UTKAST

Bergen, 12.03.2026

Margareth Hagen
rektor

Inga Berre

Ida-Elise Seppola Asplund

Styrk Garang

Georg von Krogh

Kamilla Sharma

Herlof Nilssen

Julie Stavnes

Steinar Vagstad

Shirin Ahlbäck Öberg

Sigrid Vorland

Tore Tungodden
universitetsdirektør